

Eg registrerer at det ikkje lenger er mogleg å kjøpa studentmedlemsskap ved styrkerommet i Aktivitetshuset. Sidan 2009 har det for studentar vore mogleg å trena i feriar og einskilde helger for 400 kr i året. Også alternativet med månadsmedlemsskap er fjerna, og ein står då med valet mellom å betala 1600 kr i året eller 1000 kr for seks månader. Det er fryktelig dyrt for ein student som gjerne er heime 5-6 helger i året i tillegg til eit par veker i.l.a. sommaren

Då eg tok kontakt med den nytilsette såkalla Key Account Manager for styrkerommet og spurde kva alternativ eg hadde om eg ville trena ei veke i jula, fekk eg til svar at eg kunne få tilgang denne eine veka for 300 kr. Er det ein rimelig pris for to-tre vektbenkar, eit par knebøystativ, to kabelmaskinar, ein øydelagt ergometersykkel og musikkanlegg med defekt aux-kabel? Til samanlikning får du for 300 kr i Bergen tilgang til 200m² med topp moderne utstyr, eigne frivekt- og tredemølleseksjonar og badstue i ein måned, altså fire gonger sålenge.

Det er synd om studentar som er heime på ferie i Uskedalen skal mista tilgangen til styrkerommet. Med ei firedobla årsavgift kan det tenkast at enkelte vil dra til Rosendal, der ein student kan trena for 500 i året, eller enkelt og greitt slutta å nytta seg av tilbodet. Styrkerommet er vel til for at dei som bur i bygda, og dei som vender tilbake, faktisk skal bruka det?

Prisauken vert forsvart med at det er vanskelig å halda kontroll på medlemsmassen. Med eit avansert låsesystem og eigen Key Account Manager ligg alt til rette for at ein kan halda streng kontroll og oppdatera medlemslistene hyppig. Ved oppstarten i 2009 vart det uttalt at prisane skulle haldast så låge som råd. Mi oppfordring til styret er derfor at dei i staden for å prisa ut ungdommen finn meir høvelege tiltak for å nå målet om betre kontroll.

Dag Gjertsen